

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2017/191**2019/EØS/4/77****av 1. februar 2017****om endring av avgjerd 2010/166/EU for å innføre nye teknologiar og frekvensband for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV-tenester) i Den europeiske unionen***[meld under nummeret K(2017) 450](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsvedtak nr. 676/2002/EF av 7. mars 2002 om rammeregler for radiospektrumpolitikk i Det europeiske fellesskap (radiospektrumvedtaket)⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2010/166/EU⁽²⁾ fastset dei tekniske og driftsmessige vilkåra som trengst for å kunne nytte GSM-tenester om bord på fartøy (MCV-tenester) i Unionen.
- 2) Meir avanserte kommunikasjonsmiddel som vert utvikla på grunnlag av tekniske framsteg, kan gjere det enklare for borgarane å vere oppkopla overalt og til kvar tid i tråd med programmet for radiospektrumpolitikk, som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 243/2012/EU⁽³⁾, og medverke til gjennomføringa av den digitale indre marknaden. Dessutan bør spektrum nyttast i samsvar med dei prinsippa for tenestenøytralitet og teknologisk nøytralitet som er oppførte i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF⁽⁴⁾.
- 3) I avgjerd 2010/166/EU vert medlemsstatane oppmoda om å følgje med på korleis 900 MHz- og 1800 MHz-banda vert nytta av system som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet deira, særleg med omsyn til om alle vilkåra i den nemnde avgjerda framleis er relevante, og med omsyn til førekomstar av skadeleg interferens. Medlemsstatane må òg sende inn ein rapport til Kommisjonen om konklusjonane sine, og Kommisjonen bør eventuelt gjennomgå avgjerd 2010/166/EU på nytt.
- 4) Rapportane frå medlemsstatane til Kommisjonen har i høg grad stadfesta behovet for å ta i bruk ny kommunikasjonsteknologi for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy.
- 5) For å lette den ytterlegare utbygginga av MCV-tenester i Unionen gav Kommisjonen 16. november 2015 Den europeiske post- og telekonferansen (CEPT) mandat i medhald av artikkel 4 nr. 2 i vedtak nr. 676/2002/EF til å undersøkje om apparat til sjøs som nyttar LTE-teknologi, kan sameksistere med landbaserte elektroniske kommunikasjonsnett i 1710–1785 / 1805–1880 MHz-banda og 2500–2570 / 2620–2690 MHz-banda, og om apparat til sjøs som nyttar UMTS-teknologi, kan sameksistere med landbaserte elektroniske kommunikasjonsnett i 1920–1980 / 2110–2170 MHz-banda.
- 6) Til oppfølging av dette mandatet vedtok CEPT 17. juni 2016 rapport 62, som konkluderte med at det vil vere mogleg å nytte MCV-tenester dersom dei relevante tekniske vilkåra vert oppfylte og LTE-teknologien vert nytta i 1710–1785 / 1805–1880 MHz-banda og 2500–2570 / 2620–2690 MHz-banda, og dersom UMTS-teknologien vert nytta i 1920–1980 / 2110–2170 MHz-banda. På grunnlag av resultatata i CEPT-rapport 62 bør difor avgjerd 2010/166/EU endrast til å omfatte dei nemnde teknologiane og frekvensane, og til å tillate at system som byggjer på desse teknologiane, kan nyttast om bord på fartøy.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 29 av 3.2.2017, s. 63, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 183/2017 av 22. september 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester), ennå ikke kunngjort.

(1) TEF L 108 av 24.4.2002, s. 1.

(2) Kommisjonsavgjerd 2010/166/EU av 19. mars 2010 om harmoniserte vilkår for bruk av radiospektrum for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV-tenester) i Den europeiske unionen (TEU L 72 av 20.3.2010, s. 38).

(3) Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 243/2012/EU av 14. mars 2012 om opprettelse av et flerårig program for radiospektrumpolitikk (TEU L 81 av 21.3.2012, s. 7).

(4) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (rammedirektivet) (TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33).

- 7) Utan at det rører ved dei krava som er oppførte i vedlegget, og for å verne annan godkjend bruk av spektrum, kan medlemsstatane innføre ytterlegare geografiske restriksjonar på bruken av MCV-systemet på sjøterritoriet sitt.
- 8) Med tanke på kor viktig UMTS- og LTE-teknologien er for trådløs kommunikasjon i Unionen, bør det vere mogleg å nytte LTE-baserte og UMTS-baserte MCV-system slik det er gjort greie for i denne avgjerda, så snøgt som råd og seinast seks månader etter at det er gjeve melding om denne avgjerda.
- 9) Dei tekniske spesifikasjonane for MCV-tenester bør gjennomgåast kontinuerleg for å sikre at dei er i tråd med den tekniske utviklinga.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Radiospektrumutvalet.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I avgjerd 2010/166/EU vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkel 1 skal lyde:

«Artikkel 1

Føremålet med denne avgjerda er å harmonisere dei tekniske vilkåra for tilgang til og effektiv bruk av 900 MHz-, 1800 MHz-, 1900/2100 MHz- og 2600 MHz-banda for system som leverer mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy innanfor sjøterritoriet til Unionen.»

2. I artikkel 2 vert det gjort følgjande endringar:

- a) Nr. 1 skal lyde:

«1. «mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV-tenester)» elektroniske kommunikasjonstenester, slik det er definert i artikkel 2 bokstav c) i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF(*), som eit føretak leverer for at personar om bord på eit fartøy skal kunne kommunisere gjennom offentlege kommunikasjonsnett ved hjelp av eit av dei systema som er oppførte i artikkel 3, utan å opprette direkte samband med landbaserte mobilnett,

(*) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (rammedirektivet) (TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33).».

- b) Nr. 7 skal lyde:

«7. «fartøybasestasjon» ei mobil pikocelle om bord på eit fartøy, som støttar GSM-, LTE- eller UMTS-tenester i samsvar med vedlegget til denne avgjerda,»

- c) Nye nummer skal lyde:

«8. «1900/2100 MHz-banda» 1920–1980 MHz-bandet for oppsamband (terminalen sender og basestasjonen tek imot) og 2110–2170 MHz-bandet for nedsamband (basestasjonen sender og terminalen tek imot),

9. «2600 MHz-bandet» 2500–2570 MHz-bandet for oppsamband (terminalen sender og basestasjonen tek imot) og 2620–2690 MHz-bandet for nedsamband (basestasjonen sender og terminalen tek imot),

10. «LTE-system» eit elektronisk kommunikasjonsnett slik det er definert i vedlegget til Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2011/251/EU(*),
11. «UMTS-system» eit elektronisk kommunikasjonsnett slik det er definert i vedlegget til gjennomføringsavgjerd 2011/251/EU.

(*) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2011/251/EU av 18. april 2011 om endring av vedtak 2009/766/EF om harmonisering av frekvensbanda 900 MHz og 1800 MHz for jordbaserte system som kan tilby felleseuropeiske elektroniske kommunikasjonsstenester i Fellesskapet (TEU L 106 av 27.4.2011, s. 9).».

3. Artikkel 3 skal lyde:

«Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal gjere tilgjengeleg eit spektrum på minst 2 MHz i oppsambandsretninga og eit tilsvarande para spektrum på 2 MHz i nedsambandsretninga innanfor 900 MHz- og/eller 1800 MHz-banda for GSM-system som leverer MCV-tenester utan interferens og utan vern på sjøterritoriet deira.
2. Så snøgt som råd og seinast seks månader etter at det vart gjeve melding om denne avgjerda, skal medlemsstatane gjere tilgjengeleg eit spektrum på 5 MHz i oppsambandsretninga og eit tilsvarande para spektrum på 5 MHz i nedsambandsretninga innanfor 1900/2100 MHz-banda for UMTS-system og innanfor 1800 MHz- og 2600 MHz-banda for LTE-system som leverer MCV-tenester utan interferens og utan vern på sjøterritoriet deira.
3. Medlemsstatane skal sikre at dei systema som er oppførte i nr. 1 og 2, oppfyller dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.».

4. Artikkel 4 skal lyde:

«Artikkel 4

Medlemsstatane skal kontinuerleg gjennomgå korleis dei frekvensbanda som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 og 2, vert nytta av system som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet deira, særleg med omsyn til om alle vilkåra i artikkel 3 framleis er relevante, og med omsyn til tilfelle av skadeleg interferens.».

5. Vedlegget vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 1. februar 2017.

For Kommisjonen

Andrus ANSIP

Visepresident

VEDLEGG

«VEDLEGG

Vilkår som skal oppfyllest av eit system som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet til medlemsstatane i Den europeiske unionen, for å unngå skadeleg interferens med landbaserte mobilnett

- 1) Vilkår som skal oppfyllest av GSM-system på 900 MHz- og 1800 MHz-banda som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet til medlemsstatane, med sikte på å unngå skadeleg interferens med landbaserte mobilnett

Følgjande vilkår skal gjelde:

- a) Systemet som leverer MCV-tenester, skal ikkje nyttast nærmare enn to nautiske mil⁽¹⁾ frå grunnlinja, slik det er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane.
- b) Mellom to og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal berre innandørsantenne(r) nyttast for fartøybasestasjonar.
- c) Avgrensingar som skal fastsetjast for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy, og for fartøybasestasjonar:

Parameter	Karakteristikk
Sendeeffekt/effektettleik	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy og kontrollerte av fartøybasestasjonen i 900 MHz-bandet: 5 dBm
	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy og kontrollerte av fartøybasestasjonen i 1800 MHz-bandet: 0 dBm
	Høgste effektettleik for basestasjonar om bord på fartøy, målt i dei utandørs områda på fartøyet, med tilvising til ei oppmålt antenneforsterking på 0 dBi: – 80 dBm / 200 kHz
Reglar for kanaltilgang og -bruk	Teknikkar for å redusere interferens som minst svarar til ytinga til følgjande interferensreduserande faktorar på grunnlag av GSM-standardar, skal nyttast: <ul style="list-style-type: none"> — Mellom to og tre nautiske mil frå grunnlinja skal mottakarfølsemda og fråkoplingsterskelen (ACCMIN⁽¹⁾) og minste RXLEV⁽²⁾-nivå) til mobilterminalen som vert nytta om bord på fartøyet, vere lik eller høgare enn – 70 dBm / 200 kHz, og mellom tre og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal dei vere lik eller høgare enn – 75 dBm / 200 kHz. — Diskontinuerleg overføring⁽³⁾ skal aktiverast i oppsambandsretninga til MCV-systemet. — Verdien for tidspåskunding⁽⁴⁾ for fartøybasestasjonen skal setjast så låg som råd.

⁽¹⁾ ACCMIN (RX_LEV_ACCESS_MIN), slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 144 018.

⁽²⁾ RXLEV (RXLEV-FULL-SERVING-CELL), slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 148 008.

⁽³⁾ Diskontinuerleg overføring, eller DTX, slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 148 008.

⁽⁴⁾ Tidspåskunding, slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 144 018.

- 2) Vilkår som skal oppfyllest av UMTS-system i 1900/2100 MHz-banda som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet til medlemsstatane i Den europeiske unionen, for å unngå skadeleg interferens med landbaserte mobilnett

Følgjande vilkår skal gjelde:

- a) Systemet som leverer MCV-tenester, skal ikkje nyttast nærmare enn to nautiske mil frå grunnlinja, slik det er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane.

⁽¹⁾ Éi nautisk mil = 1 852 meter.

- b) Mellom to og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal berre innandørsantenne(r) nyttast for fartøybasestasjonar.
- c) Berre bandbreidd på opptil 5 MHz (duplex) kan nyttast.
- d) Avgrensingar som skal fastsetjast for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy, og for fartøybasestasjonar:

Parameter	Karakteristikk
Sendeeffekt/effektettleik	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som sender i 1900 MHz-bandet om bord på fartøy, og som vert kontrollerte av fartøybasestasjonen som sender i 2100 MHz-bandet: 0 dBm / 5 MHz
Sending på dekk	Sending på dekk frå fartøybasestasjonen skal vere lik eller under – 102 dBm / 5 MHz (Common Pilot Channel – CPICH)
Reglar for kanaltilgang og -bruk	Mellom to og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal kvalitetskriteria (minste naudsynte mottekne signalnivå i cella) vere lik eller høgare enn: – 87 dBm / 5 MHz
	Tidsinnstillinga for val av allment tilgjengeleg mobilnett på land skal vere sett til ti minuttar
	Parameteren for tidspåskunding skal setjast i høve til eit celleområde for det distribuerte MCV-antennesystemet på 600 m
	Tidsinnstillinga frå ein brukar er inaktiv til han vert kopla frå RRC (Radio Resource Control) skal vere sett til to sekund
Inga tilpassing til landbaserte nett	Senterfrekvensen for MCV-berebølgja skal ikkje tilpassast berebølgja til landbaserte nett

- 3) Vilkår som skal oppfyllest av LTE-system i 1800 MHz-bandet og 2600 MHz-bandet som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet til medlemsstatane i Den europeiske unionen, for å unngå skadeleg interferens med landbaserte mobilnett

Følgjande vilkår skal gjelde:

- a) Systemet som leverer MCV-tenester, skal ikkje nyttast nærmare enn fire nautiske mil frå grunnlinja, slik det er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane.
- b) Mellom fire og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal berre innandørsantenne(r) nyttast for fartøybasestasjonar.
- c) Berre bandbreidd på opptil 5 MHz (duplex) kan nyttast per frekvensband (1800 MHz og 2600 MHz).
- d) Avgrensingar som skal fastsetjast for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy, og for fartøybasestasjonar:

Parameter	Karakteristikk
Sendeeffekt/effektettleik	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy og kontrollerte av fartøybasestasjonen i 1800 MHz-bandet og 2600 MHz-bandet: 0 dBm
Sending på dekk	Sending på dekk frå fartøybasestasjonen skal vere lik eller under – 98 dBm / 5 MHz (som svarar til – 120 dBm / 15 kHz)

Parameter	Karakteristikk
Reglar for kanaltilgang og -bruk	Mellom fire og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal kvalitetskriteria (minste naudsynte mottekne signalnivå i cella) vere lik eller høgare enn – 83 dBm / 5 MHz (som svarar til – 105 dBm / 15 kHz)
	Tidsinnstillinga for val av allment tilgjengeleg mobilnett på land skal vere sett til ti minuttar
	Parameteren for tidspåskunding skal setjast i høve til eit celleområde for det distribuerte MCV-antennesystemet på 400 m
	Tidsinnstillinga frå ein brukar er inaktiv til han vert kopla frå RRC (Radio Resource Control) skal vere sett til to sekund
Inga tilpassing til landbaserte nett	Senterfrekvensen for MCV-berebølgja skal ikkje tilpassast berebølgja til landbaserte nett»